



Kommunane i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Marit Lunde, 57643005

Håvard Rød, 5557 2143

Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Pb. 13,
5902 Isdalstø
Sogn Regionråd, Gravensteinsgata 17, Pb. 153,
6851 Sogndal

KS Vestland

Skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane - 2020

Fylkesmannen har i brev av 8.01.2020 invitert kommunane i Vestland til å søkje om skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjøn) for 2020. Det er i år første året vi gjennomfører ei samla tildeling for Vestland.

Prosjektmidlane er ein del av skjønsmidlane, som inngår i rammeoverføringa. Fylkesmannen har tidlegare fordelt 126,2 mill. kroner i ordinært skjønstilskot av den samla skjønnsramma på 163 mill. kroner til kommunane i Vestland i år.

Det står att 36,8 mill. kroner av skjønsmidlane for i år, og av dette blir 16,55 mill. kroner no fordelt som prosjektskjøn til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane. Fylkesmannen gir tilskot til 22 av søknadene etter at vi fekk til saman 72 søknader frå kommunane. Samla søknadssum er om lag 88,3 mill. kroner.

Fornyingsmidlane er fordelte slik mellom dei ulike satsingsområda:
(fordeling i heile kr.)

Helse og omsorg	6 300 000
Barnehage og skulemiljø	150 000
Barnevern og barns levekår	750 000
Digital forvaltning	7 450 000
Samfunnsutvikling	700 000
Interkommunalt planarbeid	200 000
Samfunnstryggleik og beredskap	500 000
Klimatilpassing	400 000
Interkommunale utviklingsprosjekt	100 000
Totalsum	16 550 000



Frå og med neste år ynskjer vi å ha færre satsingsområde, og vere tydelege på kva kommunane må vurdere før dei sender inn søknader som skal handsamast som fornyings- og innovasjonsprosjekt. Dette er for å unngå at det samla søknadsbeløpet og talet på søknader blir vesentleg høgare enn det vi kan gi i prosjektskjøn innanfor ramma for skjønsmidlar.

Vi fordeler 750 000 kroner i tilskot til Austrheim kommune knytt til barnevern. Dette inngår i den samla fordelinga av prosjektskjøn. Tilskotet er for å avhjelpe utfordringar i barnevernet i kommunane Austrheim og Fedje. Dei to kommunane inngår i eit samarbeid med Alver kommune om barnevernstenesta. Dei fekk 500 000 kr til føremålet i 2019.

Fylkesmannen har gitt skjønsmidlar frå og med 2015 til kommunar med eiga satsing mot barnefattigdom. Bergen kommune vil for 2020 få 2,5 mill. kroner i tilskot til dette. Dette er siste skjønstilskotet i samband med denne særskilte satsinga.

Fylkesmannen har i 2020 prioritert regionale- eller fylkesdekkjande tverrgåande digitaliseringsprosjekt der prosjektet til DigiVestland vil spele ein sentral rolle i kompetanseheving og utvikling på sentrale fagområde i kommunane. Dette prosjektet er no organisert som eit fylkesdekkjande prosjekt med brei deltaking i styringsgruppa med rådmenn som dekkjer alle regionane i fylket. Det er også innvilga 3 prosjektsøknader innanfor helsesektoren (E-Helse - velferdsteknologi i Vestland, Akson og Digitalisering og psykisk helse) og eit innafor kart (NGIB-Alver) der digitalisering er gjennomgåande tema i utvikling av prosjekta. Digitalisering utgjer dermed ein stor del av løyvingane av prosjektskjønsmidlar i 2020, i samsvar med både KMD, Fylkesmannen og KS sine tilrådingar.

Visjonen er at kommunane skal løftast på dette prioriterte utviklings- og moderniseringsfeltet og Fylkesmannen føreset at:

- ein får eit koordinert samarbeid og samhandling mellom dei ulike prosjekta for å unngå dobbeltarbeid
- at det blir samordna informasjon og rapportering på oppgåver og tiltak, mellom anna slik at informasjon flyt fritt mellom prosjekta og mellom prosjekta og kommunane/andre relevante aktørar og at dei andre prosjekta rapporterer undervegs til DigiVestland i tillegg til ordinære rapporteringskanalar
- at ressursar og kompetanse blir nytta på ein effektiv måte
- og at det vert lagt opp til gjennomgåande representasjon i ulike styringssystem og faggrupper der dette er føremålstenleg

Fylkesmannen har fordelt 10 mill. kroner av skjønsmidlane til nye kommunar som får utilsikta reduksjonar i inntekter som følgje av kommunesamanslåing, jf. vårt brev til kommunal- og moderniseringsdepartementet 16.06.2020.

Etter dette vil det stå att 10,25 mill. kroner av kommunane i Vestland sin del av skjønnsramma for 2020. Av dette skal som nemnt 2,5 mill. kroner nyttast til satsing mot barnefattigdom, slik at det står att 7,75 mill. kroner til uføresette utgifter eller til deling etter dei generelle retningslinjene for skjønsmidlar til hausten.

Vedlagt følgjer oversyn over dei tiltaka som får prosjektmidlar i år.

Rapportering for prosjektskjøn 2020 skal gjerast i den same portalen som er blitt nytta for søknader for 2020, det vil seie : <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>



Frist for rapportering for 2020 er sett til 1. februar 2021. Tidsfristen for tilbakemelding kan bli endra.

Vi ynskjer lukke til med prosjekta.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
assisterande fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg